

Årsmøteprotokoll

26.02.2013

Det vart halde årsmøte i ”Foreininga for Landsbyhuset Breidablik” tysdag den 26. februar 2013 kl. 1900. Møtet vart halde på Breidablik.

Sak 01/13 : Val av ordstyrar

Harald Sætre (styreleiar) vart samrøystes valt som ordstyrar.

Sak 02/13 : Godkjenning av innkalling

Det var ikkje merknadar til innkallinga. Årsmøtet godkjenner denne.

Sak 03/13: Val av ein person, i tillegg til ordstyrar, for underskriving av protokoll

Lisa Iversen Skoge vart samrøystes valt til å skrive under protokollen.

Sak 04/13: Oppteljing av medlemar og antal stemmer på årsmøtet

Det var 4 stk. medlemar tilstades og desse representerte 4 røyster.

Sak 05/13: Årsmelding og årsrekneskap 2012

- Årsmeldinga for 2012 vart lagt fram av styret og opplest av styreleiaren.

Det var ikkje merknadar og årsmøtet godkjende årsmeldinga for 2012.


- Resultatrekneskap, balanse og revisjonsmelding for 2012 vart gjennomgått og opplest.

Det var ikkje merknadar og årsmøtet godkjende resultatrekneskap og balanse for 2012. Årsmøtet tok revisjonsmeldinga til vitande.

Sak 06/13: Budsjett og andre økonomiske disposisjonar for 2013

- Styret la fram forslag til budsjett for 2013 og orienterte om naudsynte gjeremål og planar. Budsjettet viser eit overskot på kr. 111 000.

Årsmøtet vedtok samrøystes budsjettet slik det vart lagt fram.



Sak 07/13 Val av styremedlemar, styreleiar og kasserar/økonomiansvarleg

Harald Sætre (styreleiar), Idar Voldnes (kinoansvarleg), Håkon Sandvik (lyd/lys/teknisk) og Ragnhild Helle Dalen (kjøken/utstyr) er på val. Desse har utgjort valnemda for 2013.

- Valnemda har kome med fylgjande forslag til val på nye personar, og styret innstiller på dette : Harald Sætre (attval), Ole Christian Grønnevik og Margunn Rekdal. Det har ikkje lukkast valnemda å finne kandidat til kinoansvarleg
- Ole Christian Grønnevik og Margunn rekdal møtte ikkje på årsmøtet, men har takka ja til styreverva.

Årsmøtet vedtok samrøystes innstillinga og styret for 2013 (fram til neste årsmøte) vert dermed samansett slik :


Styreleiar :	Harald Sætre	2 år
Økonomiansvarleg :	Toril Merete Urkedal	1 år
Styremedlem :	Margunn Rekdal	2 år
Styremedlem :	Ole Christian Grønnevik	2 år
Styremedlem :	2 år
Styremedlem :	Bjarte Rovde	1 år
Styremedlem :	Lisa Iversen	1 år

Styret får fullmakt frå årsmøtet til å finne eit styremedlem som kinoansvarleg. Inntil vidare tek Harald Sætre denne oppgåva.

Sak 08/13 Val av valnemd for 2014

Styret innstiller på at dei utgåande medlemmane i styret på årsmøtet i 2014 utgjer ny valnemd : Toril Merete Urkedal, Bjarte Rovde og Lisa Iversen .

Årsmøtet vedtok samrøystes forslaget til valnemd for 2014.




Sak 09/13 Val av revisor

Jarle Gunnarstein vart samrøystes attvald som revisor.


Sak 10/13 Innkomne saker

Styret har ikkje motteke saker frå medlemmane som skal handsamast på årsmøtet..

Årsmøtet vart avslutta kl. 2030



ordstyrar



medunderskrift

